

## Skorpo-dag gav kunnskap – og ettertanke

06.07.2008



Rundt 40 var med i låvegudstenesta på Skorpo dette året. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Soknerådet i Uskedalen lanserte sundag ein ny og vellukka sommar-kombinasjon: Først guida tur til Skorpefjellet (234 meter) og deretter den tradisjonelle sommar-gudstenesta i låven til Ole Kristoffer Vågen ved Søre Skorpevågen.**



Oscar Langballe (til høgre) i spissen for mosjonistane som hadde ein flott tur til topps. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Medan 15 vart med guide og grunneigar Oscar Langballe til topps var rundt 40 samla i låven. Etter kvar "økt" var det servering – først betasuppe og vaflar og sidan kaffe og kaker. Samla sett ga Skorpo-dagen deltakarane mykje kunnskap samstundes som han utløyste ettertanke.



Toppen er nådd - på Skorpefjellet! (Foto: Audun Eik)

Skorpo er ein uutnytta ressurs, ikke minst for dei som gjerne vil gjera meir ut av Uskedalen som turistbygd. Øya har mykje å by på for dei natur- og kulturinteresserte. Og ho har hatt ei historie som er typisk for mange

øysamfunn: For ikkje mange år sidan budde det mellom 70 og 80 der, medan innbyggjartalet no er seks, med ei alders-spenn frå 3 til 86!

Det bur i dag folk berre to stader – Johannes Hauge er åleine på garden Skorpo medan Ole Kristoffer og kona Anja (som kjem frå Tyskland) bor i Søre Skorpевågen med smågutane Nils Rainer og Nikolai. Der bur også eldstemann på øya, 86 år gamle Nils Vågen.



Marit Langballe serverer betasuppe til Liv Eik medan Konstanse Bringedal Tveit ventar bak.. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Alle Skorpo-buarane var til stades under gudstenesta også dette året. Sokneprest Åge Sætre og organist Reidar Algerøy hadde laga ei uformell ramme som appellerte både til liten og stor og som ikkje unaturleg la vekt på skaparverket.

Også dette året var det såpass friskt ver at det var fornuftig å halda seg inne på låven, men der er det alltid ei spesiell atmosfære. Annbjørg Vågen, syster til Ole Kristoffer, gjorde teneste som klokkar og den yngste generasjon var også ivrige deltakarar!

Kyrkjebøna hadde denne formuleringa: 'Vi ber om at skaparverket vert halden oppe, at lufta får vera frisk og rein, at rikdommane på jorda ikkje blir øydelagde og at heile verda framleis får vera vakker'



Nils Vågen (86) var med i gudstenesta også denne gongen. Her er saman med ein han er bestefaren til – 3 år gamle Nikolai. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Turopplægget med Skorpefjellet som mål skal ikkje berre den framifrå guiden Oscar, men også kona Marit Langballe, ha ros for. Ho stod ikkje berre for servering av 20 med tilknytning til familien og 15 mosjonistar, men hadde også lagt opp ein natursti som kravde ganske mykje kunnskap om øya. Til dømes var det viktig å veta at det no er berre to trebåtar i bruk på Skorpo, at Vågen-familien lagar smør av melka, at smågutane heiter Nils Rainer og Nikolai og at den vestlege enden av øya heiter Skorpegavelen.

Astrid Tunge frå Stavanger og Emilie Hauge frå Sotra scora fullt hus.

Familien Langballe er ellers nokre slitarer til å klatra opp på Skorpefjellet. Marit var der 75 gonger i fjor og så langt i år har systera Bente Brandvik (busett på Stord) vore på toppen 30 gonger.

Av Ola Matti Mathisen



Astrid Tunge og Emilie Hauge vann naturstien – dei fekk fullt hus! (Foto: Ola Matti Mathisen)